

ODDA KOMMUNE
Opheimsgata 31
5750 ODDADato: 01.11.2016
Vår ref.: 2015/8551-77
Saksbehandlar: solrong
Dykkar ref.:

Bygdeborg på Tjørndalshaugen - Odda kommune - Askeladden ID 101841 - Statsbudsjettet 2016 kap 1429, post 70 - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2016 - Melding om utbetaling av tilskot

Me viser til dykkar brev av 14.10.2016, samt ettersendt vedlegg av 20.10.2016 med anmodning om utbetaling av delar av tilskot tildelt gjennom Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) i 2016. Me har tidlegare mottatt signert akseptskjema, og me har mottatt mellombels rapport for prosjektet, samt varsel om at sluttrapport med rekneskap vil verte ettersendt i løpet av ein måned.

Me viser òg til tidlegare korrespondanse jamfør dykkar brev av 16.9.2016 med søknad om omdisponering av kr 26.450,- av midlar tildelt prosjekt «Kolgroper på Hesjabakk» til prosjekt «Bygdeborg på Tjørndalshaugen». Som det framkjem av vårt brev av 29.9.2016 vart denne søknaden godkjent, og midlar tildelt prosjektet «bygdeborg på Tjørndalshaugen» utgjer difor samla sum kr 89.000,-.

Jamfør dykkar vedlegg av 20.10.2016 til rapport av 14.10.2016 ber de om utbetaling av kr 50.000,- av tildelt tilskot. De viser i rapporten til fakturerte utgifter på kr 37.360,-, og kr 12.640,- av summen er difor forskot. Då det kjem fram av dykkar rapport at krav til eigenandel er oppfylt og at det er fleire utgifter som snarleg vert fakturert, kan utbetaling av forskot godkjennast i dette tilfellet.

Kr 50.000,- vert utbetalt til dykkar bankkontonummer 3201.50.24584, jamfør informasjon frå akseptskjema. Oversendinga er merka til prosjekt 14610, jamfør dykkar førespurnad om dette.

De har ansvar for å kontrollera at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservatorSolveig Lohne Rongved
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Irene Fredheim Kronen